


Plan for eit trygt og godt skulemiljø



Saman om læring og glede!

Ved Sviland skule skal alle elevar og føresette føle seg velkomne og tatt vare på. Vi jobbar for å verkeleggjere målet frå opplæringslovens §9A - at den enkelte elev skal oppleve eit godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

For å kunne utvikle eit betre oppvekstmiljø er det heilt naudsynt at skule og heim samarbeider om å lage ein slags felles verdiplattform.

Å vise omsyn, medkjensle og ha omtanke for andre, er noko vi treng i samfunnet i dag. Å leggje til rette for felles opplevingar og samhandling er viktig i skulen. Berre ved samvær med andre kan vi lære korleis vi skal oppføre oss.



*«Gjer mot andre det du vil at andre skal gjere mot deg!»
- den gyldne regel*

Elevanes skulemiljø.

Kapittel 12 i Opplæringsloven

Frå 1. august 2024 vart det innført endringar i kapittel 12 i opplæringsloven. Kortfatta slår det nye regelverket fast:

Nulltoleranse mot krenking

Det nye regelverket slår fast:

- alle elevar har rett til eit godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald og diskriminering.

Aktivitetsplikt for skulane

I det nye regelverket har skulen fått ein såkalt aktivitetsplikt. Aktivitetsplikta inneber at skulen sine tilsette har:

- plikt til å følgja med om elevane har eit godt skulemiljø
- plikt til å gripa inn i akutte situasjonar
- plikt til å varsle all mistanke om og kjennskap til at elevar ikkje har eit godt skulemiljø
- plikt til å undersøkje all mistanke om og kjennskap til at elevar ikkje har eit godt skulemiljø
- plikt til å setja inn tiltak når elevar ikkje har eit godt skulemiljø

Denne aktivitetsplikta gjeld for alle vaksne som arbeider på skulen.

Meld frå til skulen

Dersom ein elev opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, kan eleven sjølv eller dei føresette melde frå til ein av dei tilsette på skulen. Skulen må då setja inn tiltak som skal sikra at eleven får eit godt skulemiljø.

Plan over tiltak

Skulen pliktar å setja inn tiltak når ein elev eller føresette uttrykker at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Skulen skal òg setja inn tiltak når skulen sjølv har avdekt at elevar ikkje har eit godt skulemiljø. Skulen skal laga ein aktivitetsplan plan over tiltaka. Planen skal visa:

- Kva for problem som skal løysast
- Kva for tiltak skulen har planlagt
- Når tiltaka skal gjennomførast
- Kven som er ansvarleg for å gjennomføra tiltaka
- Når tiltaka skal evaluerast

Førespurnad til Fylkesmannen

Dersom ein elev ikkje har eit godt skulemiljø, kan eleven eller dei føresette melda saka til Fylkesmannen i Rogaland (<https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/>) etter at saka er teken opp med rektor. Fylkesmannen kan då undersøke om skulen har oppretthaldt aktivitetsplikta si.

Dersom Fylkesmannen skal handsama ein førespurnad frå ein elev eller eleven sin føresette, må saka ha vorte meldt til rektor på førehand og skulen må ha hatt minimum 10 dagar på seg til å undersøke saka og sette inn tiltak.

Definisjoner av mobbing

Trygge og kompetente vaksne er dei beste til å forhindra mobbing gjennom å skapa gode miljø for læring og trivsel for alle.

"Med mobbing eller plaging forstår vi psykisk og/eller fysisk vald retta mot eit offer, utført av einskild personar eller grupper. Mobbing føreset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plager, og episodane vert gjenteke over tid."

(Roland & Sørensen, 2003)

"Ein person er mobba eller plaga når han eller ho, gjentekne gonger og over ei viss tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar"

(Olweus, 1992)

Krenkjande handlingar som diskriminering, rasisme eller vald som skjer ein gong skal òg takast tak i sjølv om dette ikkje kjem direkte inn under definisjonen av mobbing.

Tiltaka til skulen mot mobbing byggjer på tre prinsipp:

- 1 . Førebygging
- 2 . Avdekking
- 3 . Handling

1 . Førebygging

a) Relasjon tilsett-elev

Dei tilsette er tydelege vaksne som eleven kan ha tillit til. Sviland skule har autoritative vaksne som mål, og brukar mykje tid på å byggja relasjonar til elevane både einskildvis og i gruppe. Dette gjeld i alle aktivitetar i løpet av skuletida.

b) Relasjon tilsett-elevgruppe

Dei tilsette utøvar tydeleg leiing på ein slik måte at gruppa opplevast som ein trygg og god stad for alle. Autoritative vaksne som alltid er til stede i miljøet, både i timar og i pausar.

c) Relasjonar elev-elev

Elevane i gruppa tek vare på kvarandre og er oppteke av at alle har det trygt. Vi trener på å skapa gode grupperelasjonar.

- Regler som gjeld for alle elevar/vaksne på gruppa
- Systematisk arbeid for å styrkja den sosiale kompetansen (smart oppvekst)
- Sosiale mål – eigenskapar som styrker sosial kompetanse og sjølvbildet

2 . Avdekking av mobbing

a) Jamlege samtalar med kvar enkelt elev der fokuset er på det sosiale miljøet i gruppa
Ansvarlege: Kontaktlærar

b) Vakt og tilsynsordningar

- Det vert sett opp tydelege tilsynsordningar for å sikra at elevar har det trygt på skulen
- Vaksentetthet

Ansvarlege: Leiinga

c) Samarbeid skule-heim

- Godt skule-heim samarbeid med fokus på sosialt miljø i tillegg til fagleg utvikling.

Ansvarlege: kontaktlærar

3 . Handling

Skulen skal ta ansvar og initiativ for å stoppa kvar og ei form for mobbing. Dette vert gjort på måtar som i neste omgang òg skal førebyggja mobbing på skulen.

a) **Mindre episodar:**

Grip inn!

«Kva skjer når elevar bryt ein regel?»



- 1 . Vurder om det er einskildståande episodar eller ikkje.
- 2 . Vurder om det må takast kontakt med heimen. Terskelen for kontakt heim skal vera låg, i tråd med tankane om heim-skule samarbeid.

3 . Følg opp både den som krenkjar og offer for handlinga.

b) Alvorlege mobbesaker:

1 . Samtale med mobbeoffer for å innhenta konkret informasjon.

✓ Samtalen skal vera konfidensiell.

✓ Innhent konkrete døme frå mobbesituasjon.

✓ Still oppklarande spørsmål.

✓ Kartlegg hendinga og ulike roller.

✓ Vêr medvite å få fram stemma til eleven.

✓ Er dette ein einskildståande situasjon eller noko som gjentek seg?

✓ Vêr støttande. Sei at du skal gjera det som står i makta di for å få slutt på dette, men ikkje lov noko. Fortel korleis saksgangen er vidare.

✓ Avtale oppfølgingssamtaler.

2 . Første samtale med mobbar(e) gjennomførast med mobberane kvar for seg.

✓ Ein fordel å vera to vaksne. Mål om å innhenta konkrete faktum på førehand.

✓ Dersom det er fleire involverte er det viktig å gjennomføra samtalan utan at dei involverte får høve til å snakka saman.

✓ Viss du har ein mistanke om kven som er mest pro-aktiv i mobbesituasjonen, tek den ut til samtale sist.

✓ I samtalen kan det vera nyttig å innleia med; "Veit du kvifor vi vil snakka med deg?" Då gjev du eit høve til å vedgå. Ein anna moglegheit er å starta med å seia "Eg veit at du"

✓ Presiser at det er du som vaksen som tek initiativet, ikkje offeret.
"Eg/nokon har sett/høyrte"

✓ Spør aldri "kvifor". Gå ikkje inn i diskusjon. ("Mobbaren" vil ofte gje offeret skulda!)

✓ Fokus på å få mobbaren til å ta avstand frå handlinga.

- ✓ Spør: "Kva kan du gjera for å få slutt på mobbinga?" Dei fleste har gode svar her.
- ✓ Følg opp med spørsmålet: "Trur du at du klarer det?"
- ✓ Fortel at du kjem til å følgja nøye med og avtal tid for oppfølgingssamtale.
- 3 . Vurder eventuelt å samla mobbarane:
 - ✓ Referer til det som har kome frami samtalane.
 - ✓ Konkluder med at det er positiv vilje i gruppa til å endra åtferd.
 - ✓ Orientar om at saka er teken opp med mobbeoffer.
 - ✓ Førespegl situasjonar. Spør: "Kva vil du gjera i gjeven situasjon...?"
 - ✓ Prøv å få dei til å forplikta seg til ei positiv handling viss ein liknande situasjon oppstår.
 - ✓ Presiser forventinga om at mobbinga må ta slutt straks.
 - ✓ Avtal oppfølgingssamtalar etter 2-3 dagar.

Sanksjonar

Sjå [Kommunal forskrift om ordensreglement for Sandnesskolen](#)

4 . Samtale med føresette

- ✓ Samtale med den føresette til offeret bør gå føre seg same dag som samtalen med offeret.
- ✓ Det same gjeld mobbaranes føresette. Vêr førebudd på forsvarsmekanismar. Oppfordre til samarbeid.
- Følg opp over tid. Viktig å ikkje sleppa taket!
- Det er viktig å ha gode rutinar for dokumentasjon og utforming av aktivitetsplan.

Dei vaksne er pliktige til å jobba systematisk med handtering fram til eleven opplever eit trygt og godt skulemiljø.

Plan om elevane sine læringsmiljø vert teke opp på personalmøte ved skulestart i august kvart skuleår. Planen vert elles teke fram ved behov.

Vedlegg til planen:


Konkrete tiltak skulen gjer for eit betre psykososialt miljø

1. Smart oppvekst som grunnlag for trening av sosiale ferdigheiter.
2. Lokale læreplanar for Sosial kompetanse (LINK, følelsseskolen).
3. Trivselsprogrammet.
4. Fadderordninga.
5. Godt skule-heim samarbeid.

1. Smart oppvekst

Kva vil kunna skje om alle barn lærer seg ferdigheten i å sjå alt som er bra hos seg sjølv og andre?

S - styrkefokus
M - medvirkning
A - anerkjennelse
R - relasjonsfokus
T - trening



På Sviland trenar vi elevane i sosiale ferdigheitar og vil gjere dei rusta til å ta gode val for seg sjølve. På Sviland skule har vi vald å bruke SMART oppvekst som grunnlag for den sosiale ferdigheitstreninga. Dette er eit tankesett som skal hjelpe vaksne og elevar til å ha eit positivt

fokus og bevisstheit rundt kva eigenskapar me trenar på. Vi har kvar månad ein felles smartsamling for heile skulen med song og innspel frå elevar. Der har vi eit emne som spesielt fokus for den månaden, til døme Empati eller Ansvarlegheit.

2. Det utviklast lokale læreplanar for sosial kompetanse i samarbeid med Altona. Elementer frå LINK (RVTS si nettside Link til livet). I tråd med Folkehelse og livsmestring i Fagfornyelsen.

3. Trivselsprogrammet

TL har ansvar for å leda aktiviteter i ein del av dei lange friminutta. Det er varierte leker satt i system.

4. Fadderordning

- ✓ Gjer at vi føler ansvar for dei som er mindre enn oss. Når vi skal ta vare på andre, lærer vi å sjå andre sine behov. Fadderordninga på Sviland skule er organisert slik:

- 6. trinn er fadrar for 1. trinn

- 7.trinn er fadrar for 2. trinn

Elevane på 5. trinn gjennomgår eit fadderkurs på våren (mars/april).

På kurset lærer dei om ansvar og plikter for dei som er mindre. Dei lærer å planleggje og ta omsyn, og dei lærer konfliktløysing og samarbeid. Inspektør/ sosiallærer ved skulen er kurshaldar.

5. trinn SKAL planleggje og gjennomføre eit faddarbesøk i mai.

Som forarbeid til besøket skriv sosiallærer brev til fadderelevane i april, og leiinga ved skulen inviterar til foreldremøte same dagen som fadderbesøket.

Elevane på 5. trinn skriv brev til fadderelevane omtrent 14 dagar før besøket.

5. Eit godt samarbeid mellom heim og skule er ein føresetnad for eit godt elevmiljø!

Skulens visjon er «Saman om læring og glede!» og nøkkelordet er saman. Dei beste resultata får me når me jobbar saman mot dei same måla.

Skulen forventar at føresette bidrar ved å:

- Snakk positivt om skulen. Ta eventuell misnøye direkte med skulen, så klarar vi saman å ordne opp.
- Ta barna på alvor. Lytt. Viss du er usikker, kontakt skulen.
- Delta på treffpunkt med skulen: turar, sosiale møter, foreldremøter, utviklingssamtalar.
- Støtt barna, fagleg og sosialt.
- Prøv å ta i bruk styrkebasert språk (Smart oppvekst). Knytt åtferd opp mot gode eigenskapar. Det du gjer fokus, får du meir av.

Generelt om arbeidet til klassekontaktane:

Ein klassekontakt er ein representant for foreldra, vald av og blant foreldre med barn i same klasse. Klassekontakten skal vere eit bindeledd mellom foreldra og skulen. Klassekontakten skal vere med og bidra til å oppretthalde eller betre klassemiljøet. Han/ho kan bidra til å synleggjere foreldrerolla ovanfor elevane. Det er ikkje meininga at klassekontakten på nokon

måte skal erstatte skulen si rolle i og ansvar for oppbygginga av det gode skule og klassemiljøet, men klassekontaktane og kontaktlærar skal saman ha eit spesielt ansvar for å utvikle eit klassemiljø der både elevar, lærarar og foreldre kjenner kvarandre og kan vere til støtte for kvarandre. Klassemiljøet må vere godt slik at kvar einskild elev kjenner seg trygg og trivast.

Generelt om arbeidet til FAU:

FAU skal arbeide for å leggje eit godt samarbeid mellom den einskilde heimen og skulen. Dei skal leggje tilhøva til rette for trivnad og positiv utvikling hos elevane, og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet. FAU fastset valordninga og medlemstalet i arbeidsutvalet, og utvalet bør til vanleg vere samansett av klassekontaktar.

Generelt om arbeidet til SU:

SU er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande ledd for partane i skulesamfunnet. SU skal særleg arbeide for å fremje kontakten mellom skule og lokalsamfunnet.

SU tek avgjerd i:

- Utleigesaker
- Flyttbare fridagar – skuleruta
- Plan for samarbeid skule – heim
- Skulen si utviklingsplan

Rutinar for heim/skule samarbeid

Ved skulestart:

FAU/skulen startar hausten med eit foreldremøte /årsmøte. Månaden etter har FAU / skulen rådsmøte for kontaktlærarar, klassekontaktar og leiinga på skulen. Rektor kallar inn. FAU – leiar og rektor innleiar om heim/skule samarbeidet for komande skuleår. Kontaktlærarane og klassekontaktane på kvart trinn har deretter møte for å leggje ein årsplan for heim /skule samarbeidet.

Val av nye klassekontaktar:

Nye klassekontaktar skal veljast på foreldremøte om våren. Kvart trinn vel 2 klassekontaktar, helst ein av kvart kjønn. Den eine blir med i FAU, den andre er hovudkontaktperson for kontaktlæraren.

Klassekontaktane blir valde for 2 år om gongen, men unntak av 1. trinn der ein av klassekontaktane blir vald for 1 år slik at det blir kontinuitet.

Saksgong:

Kontaktlærar held møte så snart som mogeleg etter skulestart. Det skal setjast av god tid på foreldremøta til "diverse", dvs. kommunikasjon.

Foreldre skal bruke klassekontaktane som talerøyr for generelle saker. Klassekontaktane syt for å bringe saker inn for FAU viss det handlar om skulen generelt. FAU diskuterer/ bringer saker inn for rektor.

Skulen nyttar klassekontaktane som samtalepartnarar i saker som gjeld heilt trinnet (til dømes generelle problem som mobbing, klassemiljø, deling/omfordeling av trinnet mm.)

Diskusjonar skal haldast før avgjerd blir teken. Det er viktig å understreke at klassekontaktane ikkje skal bli involverte i spørsmål angående enkeltsaker.